

# Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

## Møtereferat

**Møte:** Møte nr. 1-2017 i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Dato:** 15. mars 2017

**Stad:** NTNU Ålesund, Kunnskapspark-bygget (møterom Ørnetua i 3. etasje)

**Møtetid:** kl. 10.00-14.00

### Til stades:

*Frå Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde:*

Giske kommune ved teamleiar tildelingskontoret Lene Sørensen

Haram kommune ved rådgivar Bjørg Brynhildsvoll

Norddal kommune ved einingsleiar/kommuneoverlege Martin Unger

Sandøy kommune ved einingsleiar helse- og omsorgstenester Ann Kristin Røyset (t.o.m. sak 3)

Skodje kommune ved einingsleiar helse og omsorg Per Løkkeborg

Stordal kommune ved omsorgsleiar Else Midtbust

Stranda kommune ved einingsleiar for habilitering og rehabilitering og Lill Gullbekkhei

Sykylven kommune ved kommunalsjef Eli Otterlei

Ørskog kommune ved einingsleiar for helseavdelinga Linda Hoff Johansen

Ålesund kommune ved teamleiar i rådmannen sin stab Birte Vegsund

HMR – Ålesund sjukehus ved praksiskonsulent Sindre Klokk

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for sjukehuspsykiatri Sunnmøre Nils Arne Skagøy

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for medisinsk avdeling Gro Åsnes

*Frå samhandlingsavdelinga i Helse Møre og Romsdal:*

Rådgivar Lena Bjørge Waage

### Andre:

Tanja Alme, kreftkoordinator/prosjektleiar i Sula kommune og leiar for ressursgruppa innføring av palliativ plan i Møre og Romsdal (sak 3/2017)

Line Strømsvik, rådgivar Helse og velferd i Ålesund kommune (sak 5/2016)

### Forfall:

Sula kommune ved einingsleiar Oddrun Marie Måseide

HMR – Ålesund sjukehus ved avdelingssjef for ortopedisk avdeling Lars Kjetil Aas

Brukarutvalet ved Inger Nossen Sandvik

### Møteleiar:

Leiar i Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Nils Arne Skagøy

**Referent:** Sunnmøre Regionråd ved rådgivar Vegard Austnes

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Sak 1/2017: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt.** Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Nils Arne Skagøy

Skagøy ønskte velkommen til møtet. Møteinkallinga vart godkjent. Det var ingen saker til eventuelt.

**Sak 2/2017: Godkjenning av referat frå forrige møte (nr. 2-2016, 5 oktober 2016.)** Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Nils Arne Skagøy

Referatet frå forrige møte vart godkjent.

Skagøy hadde spørsmål til sak 11/2016 (Oppfølging av delavtale 6 til Samhandlingsavtalen – «Retningslinjer for gjensidig kunnskapsoverføring og informasjonsutveksling og for faglige nettverk og hospitering) om det var slik at arbeidsgruppa skulle konstituere seg sjølv. Lena Bjørge Waage frå samhandlingsavdelinga svarte at etablering av arbeidsgruppe er sett på vent.

Skagøy hadde spørsmål om oppfølginga av sak 13/2016 (Korleis få til eit liknande samarbeid som Sjostjerna på Nordre Sunnmøre?). Ann Kristin Røyset orienterte om at saka har vore døfta i samhandlingsgruppa i Sunnmøre Regionråd.

**Sak 3/2017: Orientering om arbeidet med innføring av palliativ plan som verktøy.**

Ved kreftkoordinator/prosjektleiar i Sula kommune Tanja Alme (leiar for ressursgruppa for innføring av palliativ plan i Møre og Romsdal) og praksiskonsulent HMR HF Sindre Klokk

Presentasjonen følgjer vedlagt. Med samhandlingsreforma kjem pasientane tidleg heim. Palliasjon er eit tilbod til alle som treng lindring. Det er viktig å kome inn med palliasjon tidleg i pasientforløpet.

I Møre og Romsdal har bruk av palliativ plan vore organisert gjennom ulike prosjekt. I 2015 vart det fremja ei ressursgruppe for innføring av palliativ plan i Møre og Romsdal. Handlingsplanen vart vedteken i Overordna samhandlingsutval 22. november 2016. Planen skal i innførast i alle kommunane i Møre og Romsdal og alle avdelingar i HMR HF.

Målet med palnen er best mogleg livskvalitet for pasientar og pårørande. Tiltaka er felles mal for palliativ plan (elektronisk samhandling), informasjon og marknadsføring, kompetansehevande tiltak og kartlegging og evaluering.

Palliativ plan er eit verktøy for å kvalitetssikre palliative tiltak for pasientar med uhelbredeleg sjukdom. Planen vert utabeidd gjennom dialog og førebuande samtalar mellom fastlege eller tilsynslege i samarbeid med sjukepleiar, pasient og pårørande.

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

Planen er eit tilbod som erstattar individuell plan for dei palliative pasientane, og er ein lavterskel plan ein ikkje treng vedtak på. Ansvarleg sjukepleiar har eit sekretæransvar for planen.

Palliativ plan er prosessarbeid og dannar grunnlag for god omsorg ved livet sin slutt. Informasjon om arbeidet finn ein på <https://helse-mr.no/fag-og-forsking/samhandling>. Mellom anna finn ein her mal for plan.

Nøkkelen er å lage føringar (mellanom anna i høve til behandlingsintensitet og utgreiing) som gjer pasientar og pårørande trygge i høve til det som skal kome. Planverktøyet kan brukast breitt i høve til involvering kring pasienten og bidra til at ein held pasienten si stemme fremst i prosessen. Elektroniske løysingar for planen skal vere på plass før sommaren.

Det lokale utvalet takka for orienteringa og tok ho til vitande.

### **Sak 4/2017: Framtidsretta pasientforløp for den eldre multisjuke pasient**. Ved praksiskonsulent HMR HF Sindre Klokk

Presentasjonen følgjer vedlagt. Mandatet for arbeidet er å utvikle pasientforløp for den eldre multisjuke pasient.

Det er fokus påetablering av team og involvering av fastlegar, reinnlegging/utskrivingsklare pasientar, bruk av ØHD - øyeblikkeleg hjelp plassar, tidleg mobilisering og rehabilitering, fallførebygging, kognitiv funksjon, god ernæring, samstemte medikamentlister og felles kompetansebygging.

Læringsnettverk skal nyttast som metode. Det må utpeikast ein ansvarleg fagperson for dette pasientforløpet ved alle relvante sengepostar og mottak i helseføretaket. Desse fagpersonane skal inngå i eit læringsnettverk knytt til det sjukehusområdet vedkommande tilhøyrer. Tilsvarande skjer i kommunane. Det er eit mål at desse læringsnettverka vert tverrfaglege.

Meir informasjon finst på HMR HF sine heimesider (vel «Pasientforløp» og «Multisyke»).

Det lokale utvalet takka for orienteringa og tok ho til vitande. Eit innspel frå utvalet var at ein burde sjå ulike planar (t.d. palliativ plan) og pasientforløp (t.d. for eldre multisjuk pasient) i samanheng.

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

### Sak 5/2017: Oppfølging av sak 10/2016 om avvikshandtering:

#### **Innleiing med status, rapport 4. kvartal 2016 avgrensa til Ålesund sjukehusområde.**

Ved Lena Bjørge Waage

Waage presenterte uønskete samhandlingshendingar i Ålesund sjukehusområde. I 2016 var det 925 uheldige hendingar i HMR HF og 71 kommunane. Epikrisehandtering, varslingsrutiner ved innlegging (kvalitet i innleggingsrapport) og varslingsrutiner og prosedyrer ved utskriving utgjer volumet for avvik.

Tre utfordringar vart nemnt på førre møte:

1. Gjere avvikssystemet kjent
2. Få avvikssystemet elektronisk (dette vert teke opp i Helseplattforma)
3. Korleis forbetre seg internt (t.d. organisasjon, leiing, haldningar og kultur). Det vart nedsett ei gruppe i førre møte. Referat frå gruppa sitt arbeid var sendt ut til dette møtet.

#### **Presentasjon fra Ålesund kommune, samhandlingsavvik og forbettingsarbeid**

Ved teamleiar i rådmannen sin stab Birte Vegsund og rådgivar i Helse og velferd Line Strømsvik, begge Ålesund kommune

Line Strømsvik er tilsett som rådgivar i forhold til kvalitetshåndtering og avvikssystemet. Nytt kvalitetssystem Compilo vert teke i bruk våren 2017. Systemet skal vere oppe og gå på avvikshandtering til sommaren.

Ålesund kommune har meldt 11 avvik frå kommunen til HMR HF og motteke 1 avvik frå HMR HF. Avvik kommunen mottek dreier seg i stor grad om manglane/dårlege rapportar ved innlegging. Avklaringsavdelinga ved Ålesund lokalmedisinske senter lager nye rutiner for pasientflyt og samarbeid.

Ålesund kommune er oppteken av pasientflyt frå HF og internt mellom ulike instansar i kommunen, omsorgsplan 2017-2030, implementering av pasientforløp for den multisjuke pasienten, velferdsteknologi og større mangfold i lavterskelttilbod/førebyggjande tiltak. Ein ønskjer å bruke same sjekkliste i heile pasientflyten uavhengig av pasientgruppe.

Ålesund kommune viste til at ein treng betre forståing for rutiner og avtalar, bruk av emeldingar og felles forståing av samhandling innan psykisk helse.

## Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde

**Presentasjon frå Medisinsk avdeling, Ålesund sjukehus, samhandlingsavvik og forbetringsarbeid.** Ved Gro Åsnes, avdelingssjef for medisinsk avdeling ved Ålesund sjukehus

Medisinsk avdeling har kvalitetsråd i avdelinga og arbeider med korleis ein korleis ein kan gjere ting betre. Avdelinga melder ikkje mykje avvik til kommunane, og ser fram mot at elektroniske avvikssystem kan gjere dette enklare.

Skagøy tok opp korleis ein skal arbeide vidare med denne saka. Det kom innspel om å verte einige om avviksområder, t.d. epikriser, medisin. Eit anna innspel var å etablere fagråd på tvers av nivåa.

Det lokale utvalet takka for orienteringa og tok ho til vitande. Utvalet vil be om at dei som arbeider med delavtalane tek for seg temaet samhandlingsavvik.

### Sak 6/2017: Møteplan 2017

Ved leiar for Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde Nils Arne Skagøy

Jf. delavtale 12 til samhandlingsavtalen skal det minimum vere 2 møter per år.

Neste møte vert 27. september 2017.